



**FAGFORBUNDET Lindås
HTV**

Lindås kommune

Knarvik 27.03.15

V/ Rådmannen

Merknad til «Vedtekter for kommunale barnehager – endringsforslag».

Etter gjeldande vedtekter byrjar nytt barnehageåret medio august. Barnehagane har tilbod gjennom heile året, og det betyr at det er ein del barn som ikkje tek ut ferie i juli. Dette resulterer igjen i at dei tilsette må fordele ferien mellom medio juni til medio august.

Dersom barnehageåret starter 1. august vil fremdeles ein del av dei tilsette vera på ferie. Dette vil gå ut over tilvenningsperiode for barna. Planleggingsdager som i dag vert gjennomført før barna tek til i barnehagen vil ein då måtte avvega om ein vil ta før alle tilsette er tilbake frå ferie, eller inntil 14 dager etter at barna er begynt.

Fagforbundet meiner at denne problemstillinga vert ein utfordring, og det vil ha betydning for kvaliteten på tilvenningsperioden for barnet. Ein må ha ei god løysing på dette før ein endrar gjeldande vedtekter.

Med helsing

Fagforbundet Lindås

v/ HTV Tonhild Ringås Olsen

